

# Oppsummering bibliotekdagane 2023

Balestrand, 5.-6. juni 2023



Vestland  
fylkeskommune

## Innhald

<b>Innhald.....</b>	<b>1</b>
<b>Bakgrunn .....</b>	<b>2</b>
<b>Dag 1 – Revitalisering av regionale samarbeid .....</b>	<b>2</b>
Runde med forventningar til dagane.....	2
<b>Inspirasjonstorg, World Cafe .....</b>	<b>2</b>
Gruppene.....	3
Innspel/resultat frå gruppene .....	3
<b>Kva kan vi løfte vidare? .....</b>	<b>4</b>
Nordfjord/Sunnfjord .....	5
HAFSG .....	5
Indre Sogn .....	5
Nordhordland/Askøy/Øygarden (ØYNA?) .....	6
Hardanger/Voss ++ .....	6
Sunnhordland.....	6
Gode reglar for samarbeid .....	7
<b>Dag 2 – Samarbeid om faglege tema.....</b>	<b>8</b>
<b>Idémyldring tema.....</b>	<b>8</b>
<b>Temarundar.....</b>	<b>8</b>
Runde 1 .....	9
Runde 2 .....	9
<b>Konkretisering og val av endeleg tema .....</b>	<b>9</b>
Ensomhet kan ramme alle – Ei «ØKS» mot einsemd .....	10
Bli verdas beste bibliotekleiar / Innovasjon .....	11
Vi deler alt (marknadsføring og informasjon) + Årshjul/SoMe.....	11
Bok og barsel .....	12
Ungt bibliotek Vestland .....	12
Ut på turné!.....	13
Bonusbiblioteket.....	13
Skulebibliotekplakaten .....	14
Frihet, likhet, kunnskap (synleggjering i politiske prosessar) .....	14
<b>Oppsummering og avslutning.....</b>	<b>14</b>
Kva vil bibliotekutvikling bidra med framover? .....	14

## Bakgrunn

**Tema** var biblioteksamarbeid, med utgangspunkt i seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune (heretter kalla Bibliotekutvikling) sitt prosjekt «Å Vestland, Vestland - nye og revitaliserte biblioteksamarbeid i eit nytt fylke».

Prosjektet har som mål å

- revitalisere dei regionale samarbeida som alt eksisterer
- finne nye former for samarbeid og nye tema å samarbeide om
- skape ein digital samarbeidskultur

**Deltakarar:** Det deltok 41 personar som representerte 26 kommunar, samt 9 frå Bibliotekutvikling.

**«Heimelekse»:** Før samlinga var det sendt ut informasjon til deltakarane som dei skulle gjere seg kjende med på førehand. Dette var oppsummering av samtalar med bibliotektilsette og spørjeundersøking om kva dei tenker rundt biblioteksamarbeid. Deltakarane vart også bede om å ta med informasjon om/materiell som viste kva dei hadde fått til i lag i sine regionale samarbeid, og tenke over kva som har fungert bra i samarbeida og kan byggast vidare på.

### Prosessleiar

Eli-Grete Høyvik frå Interplan leia prosessen desse to dagane.

## Dag 1 – Revitalisering av regionale samarbeid

Etter velkomst og innleiing frå Elin Golten og Anja A.

Mjelde frå Bibliotekutvikling, overtok Eli-Grete Høyvik leiinga av arbeidet.


### Runde med forventningar til dagane

Det kom mange innspel, som kan oppsummerast med:

- Inspirasjon
- Revitalisering
- Tilbake til situasjon som før korona
- Bli kjende
- Få fjes på namna
- Nye løysingar
- Nye samarbeid
- Fysiske møte i framtida
- Fagprat
- Utvikling

### Inspirasjonstorg, World Cafe

Deltakarane blei plasserte i grupper ut frå regionar. Nokre regionar med etablerte inndelingar, nokre med justerte grenser med utgangspunkt i kommunesamanslutningar og tilbakemeldingar i spørjeundersøkinga mm.



1 Kart over Vestland, med foreslalte regioninndelingar.

## Gruppene

- Nordfjord/Sunnfjord – Nordfjord som før, men Sunnfjord foreslått inn i samarbeid med dei. Deltakarar: Stad (3), Kinn (3), Stryn (2), Sunnfjord (3) og Gloppen. (Bremanger deltok ikkje)
- HAFSG – som før. Deltakarar: Hyllestad/Gulen, Askvoll, Fjaler. (Solund med litt i starten).
- Indre Sogn – som før. Deltakarar: Luster, Sogndal, Lærdal og Vik. (Aurland, Årdal og Høyanger deltok ikkje)
- Nordhordland/Askøy/Øygarden – ny inndeling. Nordhordland som før, men foreslår at Askøy og Øygarden kan vere nye samarbeidspartar, spesielt for den nye storkommunen Alver. Deltakarar: Fedje, Austrheim (2), Øygarden (5) og Askøy. (Masfjorden, Osterøy, Modalen og Alver deltok ikkje)
- Hardanger/Voss ++. Foreslår ny inndeling med kommunane i «indre Hordaland»/Midthordaland. Deltakarar: Samnanger, Kvam, Vaksdal, Voss og Ulvik. (Ullensvang, Eidfjord og Bjørnafjorden deltok ikkje)
- Sunnhordland – som før. Deltakarar: Austevoll (3), Stord, Etne, Sveio (2), Fitjar og Kvinnherad. (Bømlo og Tysnes deltok ikkje)

Sjølv om forslag til regioninndeling var delt i informasjonen på førehand, kom det litt brått på mange av dei som hamna i ei gruppe med ny inndeling. Samansetting av dei regionale samarbeida må følgjast opp og arbeidast vidare med, og inndelinga er ikkje låst.



2 Nordfjord og Sunnfjord drodar om kvar vegen går vidare (Foto: Elin Golten)

## Innspel/resultat frå gruppene

Gruppene fekk 10 minutt tid til å førebu og notere kva ein har fått til i sine samarbeid, og kva ein ville formidle vidare til dei andre deltagarane. Ein bordvert vart sitjande att for kvar gruppe, medan dei andre toga rundt til dei ulike borda og fekk høyre kva som var gjort, og kunne sjølve kome med innspel på kva som var bra og idear som kunne ta arbeidet vidare. Til slutt brukte ein litt tid på eige bord for å oppsummere kva innspel og idear som hadde kome .

Det har skjedd mykje i dei ulike samarbeida, i plenum blei desse tipsa og ideane framheva:

- Dei andre i samarbeidet som «heiagjeng»
- Boktipsfolder
- Lesetid i arbeidstida

- Bokprat for kvarandre
- Ein felles pott med pengar
- Hospitering
- «Strilaseminar» - fagleg og sosialt treff
- Møte med kultursjefen
- Felles utviklingsplan i regionen
- Felles julebord
- Samarbeid om tekniske løysingar, som meirope og skifte av biblioteksystem
- Ansvar for møta går på omgang
- Kartlegging av kompetansen blant tilsette
- Politisk vedtekne planar (forankring, og lettare å få pengar)
- Avstand ingen ulempe
- Studietur
- Fordeler oppgåver etter kompetanse.

Elles hadde samarbeida også

- mange felles formidlingstiltak og turnear
- samarbeid om ulike utviklingsprosjekt
- regional fagdag
- jamlege møte, både fysisk og digitalt
- teknisk/digitalt samarbeid
- katalogsamarbeid
- profileringssamarbeid (m.a. felles logo)
- kort veg for å ta kontakt med andre i sin region for fagleg og kollegial støtte, og høve til å prøve ut ideane på kvarandre.

## Kva kan vi løfte vidare?


Metode: LØFT – LøysingsFokusert Tilnærming.

Denne metoden blei brukt i gruppene for å finne ut «Kva kan vi løfte vidare» i dei regionale samarbeida.

Åtte «trussetningar» i LØFT:

1. Det vi trur på påverkar kva vi leitar etter og snakkar om.
2. Det finnast både PROBLEM og IKKJE PROBLEM.
3. Du treng ikkje forstå problemet for å løyse det. Finn heller nøkkelen til løysinga.
4. Åtferd vi gjer merksemrd, gjentek seg.
5. Språk skaper røyndom.
6. Små endringar skaper større endringar.
7. Endringar er uuunngåeleg, stabilitet er ein illusjon.
8. Dei det gjeld, veit best.

Påpeikt at det er viktig å fokusere på det som er bra og gøy – lettare å jobbe med noko som er positivt. Alt samarbeid kostar innsats og ressursar, det er lettare å få til dersom det er positivt fokus, noko ein har lyst til.



Gruppene jobba med spørsmåla

- Kva fungerer bra i det regionale samarbeidet og kan byggast vidare på? Kva har fungert aller best?
- På ein skala frå 1-10 – kor står vi no? Kor kan vi vere om 3 år?
- Kva må til for at vi kjem dit?
- Kva kan vi ta med oss inn i dei nye temasamarbeida på tvers av regionar?

Gruppene vurderte kva dei hadde fått til i samarbeida, kva nivå det er på, og kva dei kunne gjere det for å løfte det til eit enno høgare nivå:

### ***Nordfjord/Sunnfjord***

Er på nivå 6:

- Turnear
- Er uredde/modige
- Omdømmebygging
- Hospitering
- Læringskultur på trass av ulike bibliotektypar
- Meiroke (nesten alle)
- Felles biblioteksystem no og framover
- Samarbeidsavtale

Vil opp på nivå 8:

- Idemyldring
- Utvida samarbeid med andre bibliotek, styrka fagleg kompetanse
- Setje av felles pott med pengar
- Klare med nytt biblioteksystem
- Forplikte seg med 2 fysiske møte i året (ansvar på omgang) – startar med fysiske møte i utvida Sunnfjord/Nordfjordsamarbeid – Førde/Sunnfjord inviterer

### ***HAFSG***

Er på nivå 4:

- 2 faste møte årleg, samt etter behov
- Roller/arbeidsoppgåver fordelt etter kompetanse
- Turnesamarbeid
- Politisk vedteke samarbeidsavtale

Vil opp på nivå 7:

- Samarbeider om meirope
- Samarbeider med andre bibliotek og aktørar om arrangement
- Kompetanseheving/erfaringsdeling med andre bibliotek

### ***Indre Sogn***

Er på nivå 7:

- Samarbeidsavtale
- Erfaring, er godt etablert
- Utvikling – nye krefter
- Kjenner kvarandre
- Låg terskel
- Rutine
- Felles prosjekt

Vil opp på nivå 9:

- Politisk forankring
- Felles bibliotekplan

- Faste møtepunkt
- Felles årshjul
- Studie-/inspirasjonstur

### **Nordhordland/Askøy/Øygarden (ØYNA?)**

Er ny samansettning, så førebels på nivå 1.

Om tre år er dei på nivå 7:

- Arrangement/debattar
- Litteraturformidling
- Integrert med IKKUS
- Prosjektmidlar/-søknader/-stilling
- Strukturert samarbeid
- Dei store hjelper dei små – og vice versa
- Faggrupper
- Felles sosiale arenaer
- Vikarpool
- Felles biblioteksystem
- Fagleg støtte for kvarandre
- Øygarden inviterer til møte i august/september!

### **Hardanger/Voss ++**

Er som nytt samarbeid på 4:

- Felles pengepott
- Felles teams/delingsgruppe
- Stor motivasjon og vilje
- Enormt potensiale!

Vil opp på nivå 7:

- Nytt namn
- STOR søknad til Nasjonalbiblioteket/fylket
- Fysiske møte på alle biblioteka i samarbeidet
- Årshjul
  - o 2 turnear
  - o 2 fysiske møte + teams
  - o Hospitering
- Julebord!
- (Fornya) forpliktande samarbeidsavtalar – politisk og administrativt
- Kvam startar arbeid med revidering av avtale
- Voss kallar inn og inviterer til møte
- Møtast i Samnanger i haust m/nye samarbeidskommunar?

### **Sunnhordland**

Er på nivå 5:

- Søknadssamarbeid
- Kurs
- «Me snakkast»
- Facebookgruppe
- Teams
- Sunnbibdagen
- Barnebokgilde
- Lydutstyr
- 8 bibliotek, 8 turnear

- Sommarlesturne
- Nettsider
- «Galne idear»
- Julebord
- Heiagjeng
- Profilsamarbeid

Vil opp på nivå 8:

- Møteplan – fysiske møte som er strukturerte (ansvar Elin)
- 1 årleg bademøte (Trude Hege)
- Mappe på Teams der ein legg produsert materiale (plakatar, foldalar osv) (Odd Harald)
- Kompetansekartlegging - dokument (Ketil)
- Felles foldalar: Lesetips for barn (Ketil + alle bidreg med lesetips)
- Sommarleserfaringsutveksling før påske (Signe)
- Felles lesekampanje for vaksne (Kristine)
- Arrangementsturne, utstillingsturne (Leonora + Øystein)
- Hospitering (Trude Hege)

### **Gode reglar for samarbeid**

Gruppene lista også opp gode reglar for korleis dei ville at samarbeida skulle vere, både konkret i møta men òg generelt:

- Møta må ha møteleiar/ordstyrar
- Ha reglar for møtet
- Ansvar på rundgang
- Ikkje for mange saker
- Samkøyring til møte
- Lage referat
- Fastsetje datoar tidleg på året
- Fokus på her og no
- Lytte og la andre kome til orde
- Ha det kjekt på møta!
- Er likestilte uavhengig av storleik, ressurs
- Fordale oppgåver etter kompetanse
- Respekt for kvarandre si tid og arbeid
- Felles admintid – samordne slik at ein får høve til å møtast
- Lage felles årsplan/årshjul for å planlegge betre
- Konkret handlingsplan for året
- Rollefordeling – kven gjer kva /fordale ansvar og arbeid, gjere sin del
- Samarbeide om kompetanseheving
- Samarbeide om synleggjering
- Dele på kreative ressursar
- Utvikle velklingande visjon, felles mål
- Prioritere samskapning

## Dag 2 – Samarbeid om faglege tema

Spørsmålet for dagen er *Kva for TEMA kan vi arbeide betre med gjennom å samarbeide på tvers?*

**Det er viktig å hugse at det vi løyser best aleine gjer vi på eiga hand. Der vi kan samarbeide om å løyse oppgåvane betre, gjer vi det, og prøver å finne i lag i gode samarbeid.**

Metode for dagen: Open Space, med fire prinsipp:

1. Dei som er her er dei rette
2. Det som skjer er det som kunne skje
3. Uansett når det startar er det rett tid
4. Når det er slutt er det slutt

### Idémyldring tema

Det var gjennomført ein runde der alle kom med idear til tema dei kunne tenke seg å arbeide med og danne samarbeid rundt. Det blei kasta fram ei rekke idear, som blei hengt opp og vist fram på veggen:

*Leiing – motivere medarbeidarar ++, Formidling av spelkultur og spelarrangement - spelturnering, Marknadsføring, Digitale tenester – bibliotek24, Få ungdom inn i biblioteket, Skulebibliotek, Arrangement - turnesamarbeid, Biblioteksistem, Litteraturkunnskap, teknikk og formidlingsopplegg, Leseaksjonar og litteraturformidlingsopplegg, Gjenbruk av opplegg/aktiv formidling, Kunnskapsorganisasjon, Design, Kompetanseutvikling, Bokbuss og mobile bibliotek, Brukarmedverknad – korleis utvikle bibliotekrommet i lag med brukarane våre – samskapning og samarbeid, Sosiale medium og nettstader – årshjul med merkedagar, Foreldre og barn, korleis nå ut til alle via helsestasjon, barnehage osv, Meirope bibliotek, Informasjon om tenestene som skal ut til brukarane, Filialar og alternative måte å ha filialar på, Barnehagebibliotek, Film og bibliotek, Synleggjering i politiske prosesser, Debattar, Fleirspråklege bibliotek, Folkeopplysing, medborgarskap og demokrati, Formidlingsopplegg for dei yngste, Informasjon til småbarnsforeldre, Nettstad for boktips, Språkkafé, Skape leselyst, Inkludering av innvandrarar, Tiltak mot einsemد, Berekraft, Lesesirkel, Lesarsørvis, Innovasjon, Lage dokketeater – bibliotektilsette som produsentar, Lesedyr, Podkast, KI, Musikkproduksjon*



3 Deltakarane sit klare til å kaste fram idear (Foto: Anja Angelskår Mjelde)

### Temarundar

Ideane blei samordna og slått i hop der det var overlapp, og fordelt på to «rundar» der folk skreiv namnet sitt på temaet dei hadde mest lyst å gå vidare med. I kvar runde var det idémyldring og diskusjon på kva ein kunne gjere rundt temaet. Kvar gruppe laga også ein «plakat»/presentasjon av temaet sitt.

## Runde 1

Det vart 7 bord i første runde med tema:

1. Tiltak mot einsemd
2. Leiing, korleis inspirere til utvikling, korleis motivere medarbeidarar og seg sjølv
3. Marknadsføring, informasjon om tenestene til biblioteket
4. Nå ut til alle foreldre / formidlingsopplegg for dei yngste / nå ut til småbarnsforeldre
5. Film i biblioteket
6. Korleis få ungdom til biblioteket / korleis skape leselyst hos ungdom
7. Kunstig intelligens / innovasjon / kva skjer / det vi ikkje veit

## Runde 2

I andre runde fekk vi 9 grupper som diskuterte:

8. Inkludering av innvandrarar og flyktningar, fleirspråklege bibliotek, språkkafé
9. Bibliotekrommet
10. Turnesamarbeid
11. Lage dokketeater. Eigenproduksjon
12. Synleggjering i politiske prosessar, t.d. budsjett
13. Brukarmedverknad, korleis utvikle bibliotek saman med brukarane, samskaping/samarbeid/utvikling, biblioteket for alle.
14. Meirope bibliotek – marknadsføring av tilbod, sjølvbetente løysingar, formidling i ubetente bibliotek
15. Årshjul og merkedagar
16. Skulebibliotek

## Konkretisering og val av endeleg tema

Gruppene hadde altså laga ein «plakat» for sitt tema. Titlane vart:

1. Ensomhet kan ramme alle
2. Bli verdas beste bibliotekleiar
3. Vi deler alt (marknadsføring og informasjon)
4. Barn, bok og bibliotek
5. *10 filmar – 10 tiår*
6. Ungt bibliotek Vestland
7. Innovasjon – inn i framtida
8. Språkkafé
9. Bibliotekrommet
10. Ut på turné
11. Dokketeater
12. Bonusbiblioteket (meirope bibliotek)
13. Frihet, likhet, kunnskap (synleggjering i politiske prosessar)
14. *Samskaping, brukarmedverknad*
15. Årshjul – SoMe
16. Mot ein ny skulebibliotekstandard i Vestland

Kvar person fekk så 5 «poeng» dei fritt kunne fordele på det dei syntest såg interessant ut og hadde lyst å arbeide vidare med. Gruppene med flest poeng blei tatt med vidare, og etter litt samanslåingar og forhandlingar mellom potensielle gruppedeltakarar sat vi att med 9 temagrupper.

Gruppene skulle så konkretisere og planlegge korleis dei ville jobbe vidare – kva, kven, korleis, når – og presenterte dette i plenum.



4 Eli-Grete Høivik dirigerer troppane - no skal alle velje og stille seg bak tema dei helst vil jobbe vidare med (Foto: Anja Angelskår Mjelde)

### ***Ensomhet kan ramme alle – Ei «ØKS» mot einsemd***

Gruppe: Yngvild, Øygarden; Ylva, Kinn; Marit, Stad.

Kva: Kartlegge behovet, nettverksmøte med kommunane i september. Teamschat for innsatsgruppa.

Korleis: Kartlegging basert på levekårsundersøking, statistikk. Presentere prosjektskisse på nettverksmøte med kommunane, underbygge med folkehelsestatus. Nav, skule, barnehage, kva kan biblioteket bidra med? Utvikle felles metode.

Kven: Alle ØKS-kommunane får oversikt over eiga oppgåve. Felles planlegging av prosjektskisse (Ylva startar)

Når: Teamsmøte avtalt 01.09.2023, kvar kommune får oversikt over eiga oppgåve innan 15.10.23

Gode hjelparar: Heimetenesta, barnevernet foreiningar i kommunen.

Innspel: Sunnfjord: har fått midlar til eit liknande prosjekt som skal gjennomføre i haust. Kople mot dette?

Skravlekopp.no – organisasjon som jobbar mot einsemd – lage en skravlekopp til bruk i biblioteket?

Kommentar frå EGH: *Kva er målet – kva skal skje? Kva er resultatet i andre enden? Relevant om eit auka samfunnsproblem der biblioteka kan vere ein aktuell part. For eksempel kan målet innan utgangen av 2024 vere tre ulike tilnærmingar med desse tre kommunane som kan fungere som verktøykasse og modell, som andre kan mikse og omsette til eigen kommune. Eit viktig grunnlagsarbeid.*

### **Bli verdas beste bibliotekleiar / Innovasjon**

Gruppe: Jorun, Sunnfjord; Trude Hege, Kvinnherad; Kristine, Sveio; Ritha, Voss; Signe, Etne; Guro, Lærdal; Janne Mari, Stad

Visjon: Inn i framtida, innovasjon, og bli verdas beste bibliotekleiar.

Kva: Etablere leiargruppe, som vil utvikle strategiar og planar saman til bruk i kommunane, innovasjon.

Kven: Leiatarar frå ulike bibliotek i fylket. I første omgang dei i arbeidsgruppa, men forventar at dette skapar ringverknader som andre òg vil ta del i.

Korleis: Vere «støttegruppe», utvikle/jobbe med prosess og metodikk. Arbeide med strategi, posisjonere oss for framtida – utarbeide mal for strategiarbeid. Vil gjere ein jobb for dei andre, hjelper dei andre, skaffe fram verktøy og måtar å gjere det på. Opne for nye metodar og måtar å tenke på (både teknisk/KI og elles). Ufarleggjere det nye som kan vere overveldande for alle.

Når: Trude Hege inviterer til teamsmøte i september. Møtest fysisk november, og ha kvar sine ferdige planar i 2024.

Gode hjelparar: personalet vårt, og eksterne folk som er gode på dette, og fylket.

*Kommentar EGH: Kan vere lurt å første omgang å avgrense: teknologien, korleis det er å vere bibliotekleiar i den nye digitale verda. Då kan de spele inn noko til dei andre, som dei ikkje har tid til å jobbe med.*

### **Vi deler alt (marknadsføring og informasjon) + Årshjul/SoMe**

Gruppe: Elin, Stord; Torunn, Sunnfjord; Ellen, Luster; Sindre, Fjaler; Mona, Vik; Eli EÅ, Stad; Eli E, Kinn; Laila, Austevoll; Ivar, Ulvik

Kva: Gjere kjent alt det flotte vi driv med. Vi skal opp og fram og må nå nye brukarar. Ofte veit du kva du vil marknadsføre, men ikkje korleis.

Korleis: Vekt på delingskultur «Vi deler alt». Skal lage ein ressursbase, der vi kan dele og gjenbruke materiell som plakatar, biletmateriell, brosjyrar osv, lage årshjul med merkedagar, og marknadsføringsplan. Dannar arbeidsgruppe, opprette Teams-kanal.

Når: Elin/Stord er prosjektleiar og kallar inn arbeidsgruppe (Elin, Sindre, Ellen og Torunn) til 1. møte i september. Marknadsføringsplan klar innan 2024

God hjelpar: Bibliotekutvikling

*Kommentar EGH: Plandisc.com er eit godt verktøy for årshjul.*

### **Bok og barsel (Barn, bok og bibliotek)**



5 Korleis skal vi angripe dette? Gruppa diskuterer(Foto: Anja Angelskår Mjelde)

Gruppe: Irene, Askøy; Torill, Gloppen; Sigrid, Hyllestad; Sigrid, Stryn; Kari T, Austrheim; Tamara, Kinn

Kva: Treffe fleire av dei yngste i målgruppa 0-3 år. Musiske barseltreff med bok og tema – Bookstart program som utgangspunkt. Musikk er fast, tema kan variere (t.d. helsesøster kjem og snakkar om søvn eller tannlegen om tannstell, nytte ressursar som alt finst internt)

Korleis: Etablerer samarbeid med helsesøster og kulturskulen for å få det til.

Kven: Barnebibliotekar/dei som jobbar med barnelitteratur. Irene som primus motor

Når: Irene kallar inn møte innan 31. august, for møte i september.

Askøy er pilot, og startar opplegg hausten 2023. Alle har gjennomført innan utgangen av 2024

Gode hjelparar: Helsestasjon, musikkskule, tannlege, brannmann, kven som helst.

### **Ungt bibliotek Vestland**

Gruppe: Maren, Vaksdal; Robert, Øygarden; Kristin, Stryn; Linda, Askvoll

Kva: Få ungdom engasjert i biblioteket. Engasjerer ungdom, lagar eit styre der dei sjølv får vere med frå start til slutt og arrangere ting på biblioteket. Håp: Blir ein stad der ungdom kjem på eiga hand, og der dei sjølv vil bruke biblioteket, blir lånarar, og kjenner eigarskap til biblioteket ved å medverke og påverke. Ein stad dei har lyst til å vere.

Korleis: Ta kontakt med ungdomsråd i kvar kommune. Kartlegging. Lage eit felles skjema som vi sender ut til skule og andre stader der ungdom er om kva dei er interessert i, kva driv dei med og brenn for. Fysiske, faste møte i biblioteket.

Lage ein prosjektplan basert på kartlegginga, og søke midlar for å involvere eksterne aktørar. Prøve å søke samarbeid med frivillige organisasjonar, og andre som finst i bibliotekmiljøet.

Engasjerer ungdom, lagar eit styre, får sjølv arrangere ting for biblioteket. Lage eigarskap til biblioteket.

Gruppa er eit forum, men kvart bibliotek gjennomfører på eiga hand i sin kommune.

Få oppretta kanal i Teamet Biblioteka i Vestland.

Kven: For ungdom 8. kl.- 3. trinn vgs, bibliotekarar, frivillige, skulen. Maren tar leiarrolla i arbeidsgruppa.

Når: Sommar 2023-sommar 2024.

Kontakte ungdomsråd, organisasjonar og frivillige i løpet av september.

Kartlegging oktober.

Våren 2024 – Kursing av ungdom (korleis arrangere, søke midlar, )

Opprette styre i kvar kommune

Oppstart arrangement/aktivitetar hausten 2024

Gode hjelparar: Frivilligsentralen, folkehelsekoordinator, organisasjonar, ungdomskontakt i kommunen.

Inspirasjon: Bodø, Unge Stormen (sjekk prosjekt på bibliotekutvikling.no) UngSveio har erfaring.

### **Ut på turné!**

Gruppe: Kari U., Austrheim; Henrik, Øygarden; Odd Harald, Austevoll; Charlotte, Fedje

Kva: Jobbe med å felles organisering og samarbeid i samband med turnear/arrangement. Rammene rundt og turneringa skal vere hovudvekt. Felles utstyrssbank, idépool, sjekkliste for å planlegge arrangement, dele eigne produksjonar og ta i mot andre sine for å få eit større mangfald i arrangementa både for barn og for vaksne. Målsetnad: Effektivitet, kostnadsparing, kompetansedeling.

Korleis: Teamsgruppe, delingskultur (alle må ta ansvar for å fylle på), fysisk møte 2gg/år

Kven: Vestland, både regionvis og på tvers av regionar.  
«Ut på turne-gruppa»

Når: Planleggingsmøte 1. oktober, Odd kallar inn. Turne i 2024

Gode hjelparar: Bibliotekutvikling Vestland



6 Turnégruppa presenterer planen sin (Foto: Anne Pihl)

### **Bonusbiblioteket**

Gruppe: RagnaHelene, Kvam; Merethe, Samnanger

Kva. Formidling i meiropetid (bonustida), når det ikkje er personale til stades. T.d. infoskjermar, gode plakatar, film- og lydsnuttar, utstillingar.

Korleis: Søke midlar til formidling av ny norsk sakprosa (frå Fritt ord). Kjøpe inn teknisk utstyr, honorar.

Kven: Kvam og Samnanger bibliotek

Når: Søke innan 11. august 2023 (Merete kallar inn møte før sommarferien). Gjennomføring haust 2023 / vår 2024

Gode hjelparar: Frivilligsentralen i Samnanger og Grannehjelpa i Kvam

Kommentar EGH: Fint om det vert starta ein plass og modellert slik at andre kan ta i bruk og bygge vidare på.

### **Skulebibliotekplakaten**

Gruppe: Ketil, Austevoll; Anita, Sogndal; Bente, Sunnfjord; Silje, Fitjar og Anitha, Sveio

Kva: Skulebibliotek – mot ein ny skulebibliotekstandard i Vestland. Vil utvikle «skulebibliotekplakaten». Vil vente og bygge på leselysstrategien (ikkje finne opp hjulet på nytt) (Kommentar frå EGH: Treng ein vente? Vil det bli så store endringar frå det ein alt no tenker til at ein treng utsette oppsett? Bør planlegge noko i haust, no når ein er engasjert og «i gang»)

Korleis: Ønskjer seminar i regi av Bibliotekutvikling – Silje tek kontakt med Elin Golten

Kven: Gruppe. Ketil kallar inn til Teams-møte.

Når: Seminar våren 2024 i Bergen, for folkebibliotek skulebibliotek og skulen. Rektor har ofte ikkje tid, men vi vil ha med ein lærar frå skulane.

Gode hjelparar/inspirasjon: Øystese skulebibliotek (årets bibliotek i Vestland), UiA, Lesesenteret, Sprangereid skule i Lindesnes, Gamlebyen skole i Oslo, Foreningen Les, leselyststrategien som kjem i haust. Eli-Grete Høyvik

### **Frihet, likhet, kunnskap (synleggjering i politiske prosessar)**

Gruppe: Åshild, Øygarden

Kva: Politikk. Opplæring i kommunale prosessar, korleis nå fram. Påverke politisk for å styrke biblioteket. Aktivisme frå A til å-kurs. Alt frå politiske vedtaksprosessar, til parolar og demonstrasjonar. Målet er å ha gode bibliotek så ein har ressursar til å gjere alle dei andre tinga

Kven: Førerebels einmannsgruppe med Åshild, Øygarden, men er utfordra til å invitere andre inn i arbeidet.

Når: Valkamp, budsjettarbeid

Gode hjelparar: Brukarane, frivillige, fagforeiningar, andre tilsette.

### **Oppsummering og avslutning**

Etter ein plenumsrunde der alle fekk dele kva dei sat att med etter samlinga, avslutta Anja/Bibliotekutvikling med litt informasjon om forventningar og kva som skjer framover.

Det var utruleg god innsats frå alle på samlinga, og vi har blitt betre kjende på tvers. Det er lagt konkrete planar i dei ulike gruppene for kva dei ønskjer å jobbe vidare med, og vi reknar med dette blir følgd opp. Bibliotekutvikling vil halde kontakten med samarbeida, både regionale og nyestablerte temasarbeid, og sjå korleis vi kan vere med på å vidareutvikle dei.

### **Kva vil bibliotekutvikling bidra med framover?**

Bibliotekutvikling jobbar vidare med prosjektet *Å Vestland, Vestland*, og tiltaka der. Noko av det vi kan bidra med:

#### Kompetanseheving:

- Vi ønskjer å arrangere prosjektkurs (korleis jobbe i lag om å løyse ei oppgåve, med bestemte ressursar og innan eit avgrensa tidsrom). Fleire stadar i Vestland, hausten 2023.

- Heve kompetansen på samarbeidstema. Er det kursing eller anna som de ser kan vere nyttig for å få til eit godt samarbeid i dykker temagruppe – meld inn. Finst litt midlar i prosjektet som skal brukast til kompetanseheving
- Heve kompetansen på digital samhandling – vi er i gang med teamskurs, og skal styrke innsatsen til hausten.

#### Fagleg støtte

- Korleis vi kan vere med på å bidra best mogeleg i dei enkelte gruppene? Det er opp til samarbeida kor tett vi skal vere på. Vi skal vere støtte og ressurspersonar, men ikkje den som leier gruppene for dykk. Vi kan inviterast inn i gruppene, og elles brukast som fagpersonar og rådgjevarar slik de brukar oss no.

#### Digitalt støtte

- Kurs/hjelp bruk av digitale verktøy/Teams
- Kan tilby å opprette Teams-kanalar (for digital samhandling) i Bibliotekutvikling sitt Team «Biblioteka i Vestland»

#### Økonomi

- Det er ikkje midlar til fast økonomisk støtte, men noko midlar som skal gå til kurs og kompetanseheving.
- Fylkeskommunen lyser årleg ut prosjektmidlar til tiltak i biblioteka, som ein kan søke på om ein vil finne på noko i lag.
- Bibliotekutvikling kan hjelpe til dersom de ønsker å søke midlar frå Nasjonalbiblioteket eller andre.


Alt i alt håpar vi samarbeida skal vere nyttige i seg sjølve, og at de får utbytte av å vere med. Målet er at verdien av å vere med er høgare enn innsatsen de har lagt inn, at det gir meirverdi.

På samlinga har bibliotektilsette kome fram til tankar og konkrete planar for vidare samarbeid, men vi er framleis i ei litt utforskande fase i prosjektet, så vegen blir litt til medan vi går.

Ta gjerne kontakt med [Anja, Lena, Elin eller andre på bibliotekutvikling](#) for spørsmål o.l.



7 Takk til alle som deltok på bibliotekdagane! (Foto: Anne Pihl/Farshid Amini)



vestlandfylke.no